



Flora kommune
Markegata 51
6905 Florø

Avklaring av motsegner til detaljreguleringsplan for gbnr. 27/86 på Naustholmen i Flora kommune

Vi viser til oversendingar datert 25.10.2018 og 26.10.2018.

Som følgje av revisjonen av ROS-analysen og krav om ei heilskapleg ROS-vurdering knytt til rammesøknad i føresegnene trekker vi motsegna mot risiko og sårbarheit i planen. Sidan det ikkje er påvist at planen kan føre til vesentlege konsekvensar for nasjonale eller viktige regionale interesser i området, opprettheld me heller ikkje motsegna knytt til vegfyllinga.

Samfunnstryggleik og beredskap

Ved første gongs høyring av planforslaget gjekk vi til motsegn mot planframlegget. Årsaka var mangelfulle vurderingar av risiko og sårbarheit knytt til etablering av næringsverksemder i planområdet.

ROS-analysen er no revidert, og det er lagt inn krav i føresegnene om at det i samband med rammesøknad skal gjerast ei heilskapleg risikovurdering av verksemda sin aktivitet opp mot etablerte verksemder og infrastruktur i området.

Som følgje av revisjonen av ROS-analysen og krav om ei heilskapleg ROS-vurdering knytt til rammesøknad i føresegnene trekker vi motsegna mot planen. Vi vil samstundes understreke at det er viktig at kommunen sikrar at innspela frå DSB som vert gitt ved første gongs høyring vert lagt til grunn for ROS-vurderingar som vert gjort i samband med søknad om rammeløyve og at desse vert følgt opp i det vidare planarbeidet.

Naturmiljø

Vi fremja motsegn mot vegfyllinga mellom Gaddholmen og Naustholmen ved høyringa av planforslaget. Motsegna var grunngjeven med at vegfyllinga, saman med gjeldande planar om store utfyllingar i området, stenger det opprinneleg relativt opne sjøområdet sør for Naustholmen på tre kantar.

Vi meinte at vurderinga av den samla belastninga på økosystemet i området var mangelfull. Vurderinga gav berre uttrykk for at belastninga auka ytterlegare som følgje av vegfyllinga, og peika ikkje på kva konkrete konsekvensar planane samla sett kan få for økosystemet i området. På bakgrunn av eit mangelfullt kunnskapsgrunnlag tilrådde vi derfor å legge til rette for god gjennomstrøyming mellom holmane der terskelen er djupast, og gjerne med bru.

Som følge av motsegna har kommunen lagt inn krav om tre kulvertar i vegfyllinga, men avklaring av plasseringa og dimensjoneringa av desse er lagt til detaljprosjekteringa. Det er ikkje gjort greie for om eller korleis desse kan verke formildande på konsekvensane på økosystemet. Vi går ut ifrå at dersom det vert plassert kulvertar nedst i fyllinga, der terskelen er lågast, vert gjennomstrøyminga langt betre i dei djupare delane av bassenget sør for Naustholmen enn om ein berre plasserer dei øvst i vassøyla. Føresegnene sikrar likevel ikkje dette.

Kommunen har ikkje levert nye vurderingar av den samla belastninga på økosystemet. I staden har konsulenten deira, Rådgivende Biologer AS (RB), som utarbeidde konsekvensutgreiinga for planen, svart på motsegna. RB peikar på ei setning i rapporten som slår fast at tiltaket vil føre med seg ei auka belastning på økosystemet. Dei peikar vidare på at konsekvensutgreiinga for Florelandet Nord er grundig, og at dei derfor avgrensa vurderingane til å berre gjelde for enkelttiltaket i konsekvensutgreiinga for Naustholmen. Etter vår vurdering er ikkje vurderingane som er gjort tilfredsstillande og ikkje i tråd med naturmangfaldlova.

Slik vi ser det har kommunen i liten grad etterkome krava knytt til god vassgjennomstrøyming og tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag etter naturmangfaldlova. Vi meiner framleis at det ikkje er gjort gode nok vurderingar av den samla belastninga på økosystemet i området. Tilgjengeleg informasjon tyder likevel på at planen ikkje vil føre til vesentlege konsekvensar for nasjonale eller viktige regionale interesser, og me opprettheld derfor ikkje motsegna.

Det er etter vårt syn likevel klart at ei løysing med kulvertar ikkje vil gje tilfredsstillande vassgjennomstrøyming i området, og at ei bruløysing bør utgreiast. Vi vil understreke at kommunen som ansvarleg planmyndigheit bør hente inn tilstrekkeleg kunnskap om dei samla konsekvensane for økosystemet i området før plansaka vert avgjort.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvern sjef

Sigrid Ølmheim
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:
Sogn og Fjordane fylkeskommune